

Fra: Paal Fosdal (Paal.Fosdal@vlfk.no)

Sendt: 23.04.2020 09:54:22

Til: Einar Kåre Ulla

Kopi: Tore Eriksen; Lisa Marie Hillestad Ålsberg

Emne: VS: Kontrollutvalet

Vedlegg: VS Oppfølging av FT-sak 3719 - dokumentasjon av reiserekningar.msg;Oppfølging av FT-sak 3719 - Dokumentasjon av reiserekningar.msg;SV Oppfølging av FT-sak 3719 - Dokumentasjon av reiserekningar.msg
Hei Einar

Eg viser til e-posten din nedanfor om vedkommande sak.

Vedlagt finn du ei e-postveksling mellom Lisa Marie Hillestad Ålsberg og informasjonstenesta som viser korleis vi følgte opp den delen av vedtaket som skulle følgjast opp i SFFK. Eg hadde dialog med Lisa Marie under heile denne oppfølginga. Som du ser, er det ein kombinasjon av sak på nettet (for dei tilsette) og e-post til dei folkevalde.

Eg legg også ved e-posten som vart sendt til fylkestinget (med vedlagt rettleiing som samsvarar med det som vart lagt på portalen), samt ei oppklarande e-post etter spørsmål frå Øren Heen knytt til politiske møte.

Håpar dette er det du treng i ditt vidare arbeid med saka.

Med helsing

**Paal Fosdal
fylkesdirektør**

strategisk utvikling og digitalisering



tlf.: 90 63 98 59

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Tore Eriksen

Sendt: onsdag 22. april 2020 11:35

Til: Paal Fosdal <Paal.Fosdal@vlfk.no>

Kopi: Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>

Emne: VS: Kontrollutvalet

Hei Paal,

Jf. e-posten under frå Einar.

Eg meiner å hugse at det var du (og Lisa?) som arbeidde med denne saka i den tidlegare administrasjonen vår. Kan du – ut frå dette – orientere Einar om korleis det punktet som går på oppfølginga mot nye VLFK er eller vert følgd opp. Eg har ikkje oversikt over korleis VLFK har arbeidd med rutinar/retningslinjer på dette området. Takk.

Med helsing

Tore Eriksen

seniorrådgjevar

Fylkesrådmannen

Stab



Tlf: 415 30 932

www.vlfk.no

Fra: Einar Kåre Ulla

Sendt: onsdag 22. april 2020 10:48

Til: Tore Eriksen <Tore.Eriksen@vlfk.no>

Emne: Kontrollutvalet

Hei Tore

Håper alt er vel med deg i desse dagar!

Eg arbeider no mellom anna med oppfølging av kontrollutvalssaker frå fjaråret.

Eg har motatt rekneskap og årsrapport frå SFFK. Sak om kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen kjem sannsynlegvis til behandling i kontrollutvalet 11. mai.

Eg tenkte å høyre med deg vedr. oppfølging av pkt. 2 i fylkestinget sitt vedtak i saka «Kontroll av reiserekningar på politisk nivå».

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen

Saka vart behandla i fylkestinget 8. oktober 2019, som FT-sak 37/19.

Kan du kort oppsummere kva som vart gjort frå fylkesrådmannen i SFFK vedr. oppfølging av dette punktet?

Dette er eit oppfølgingssak kontrollutvalet i VLFK.

Med helsing

Einar Ulla

seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 971 90 734

www.vestlandfylke.no